



**DEN NORSKE KYRKJA**  
**Kviteseid Sokneråd**

## **REFERAT frå Kviteseid Sokneråd**

Torsdag, 08.06.2023, kl. 18.00

Stad: Kommunehuset

### **Innkalla:**

Marit Gotuholt (leiar), Marit Sørby (nestleiar), Sigrun Garvik Moen (sekr.), Dagfinn Køhn, Unni Snaunes, Gudrun Nordbø Venås, Vidar Syrtveit Mikalsen.

Møyfrid Lunde (sokneprest), Bjørn Nordskog (kommunerepresentant og ordførar).

Vigdis Helene Bruhaug (1. vara), Eva Lisbeth Lier (4. vara), Jan Rune Bjørnson (5. vara), og Kristen Salmelid, kyrkjeverje.

### **Forfall:**

Unni Snaunes, Vigdis Helene Bruhaug (1. vara), Jan Rune Bjørnson (5. vara)

Oversikt over saker:

<b>SR-sak 36.23 FR</b>	<b>Innkalling og sakliste</b>
<b>SR-sak 37.23 FR</b>	<b>Post og meldingar</b>
<b>SR-sak 38.23 FR</b>	<b>Økonomirapport og revisjon driftsbudsjett 2023</b>
<b>SR-sak 39.23 FR</b>	<b>Kyrkjevalet 2023</b>
<b>SR-sak 40.23 SR</b>	<b>Komité for Kyrkjelydsbasaren 2. des. 2023</b>
<b>SR-sak 41.23 SR</b>	<b>Dato og komité for Gullkonfirmantfest 2023</b>
<b>SR-sak 42.23 SR</b>	<b>Eventuelt</b>

Investeringsplan for 2024 blir utsett til august-møtet

SR-sak 36.23 FR	Innkalling og saksliste	MG
<p>Innkallinga til dette møtet vart sendt ut på e-post torsdag 1. juni 2023 til alle medlemmer og varamedlemmer i Kviteseid sokneråd (samt revisor og prost).</p> <p>Merknader til innkalling eller saksliste?</p> <p><b>Forslag til VEDTAK:</b> Innkallinga er godkjend. Møtet er lovleg sett.</p> <p><b>VEDTAK:</b> Innkallinga er godkjend. Møtet er lovleg sett.</p>		
SR-sak 37.23 FR	Post og meldingar	MG/KS
<ol style="list-style-type: none"> <li>1. <b>Arrangement sidan sist SR:</b> <ol style="list-style-type: none"> <li>a. <u>Samtalegudsteneste og konfirmantfest</u> 30.april</li> <li>b. <u>Soknemøte</u> 7. mai</li> <li>c. <u>Språk-kafé</u> vidare: 10.mai og 7. juni. (10.5 som eit oppdrag i Godhetsveka)</li> <li>d. <u>Godhetsveka 2023</u>: 8.-12. mai, med felles gudsteneste i Bryggeparken søndag 14. mai</li> <li>e. <u>3 konfirmasjonar</u> er gjennomført, og info.møte for føresette til neste års konfirmantar</li> </ol> </li> <li>2. <b>Planlagde arrangement:</b> <ol style="list-style-type: none"> <li>a. 1. juli, Kviteseid gamle kyrkje: Open kyrkje frå kl. 12.00-16.00 i samband med Vikingdagen på Bygdetunet</li> <li>b. 1. juli, Kviteseid gamle kyrkje: Konsert ved Hallvard Jørgensen kl. 16.00</li> <li>c. 28. juni Sommaravslutning på Bygdetunet (for føremiddagstreff som elles er på Misjonshuset)</li> <li>d. Kveldsmesser i Kviteseid gamle kyrkje torsdagar i juli (med unntak av 27.7.)</li> <li>e. 29. juli Olsokmesse i Kviteseid gamle kyrkje kl. 18.00. Før messa, er det mogleg å vera med på vandring langs den gamle kyrkjevegen frå Vrådal til gamlekyrkja.</li> </ol> </li> <li>3. <b>Planlagt AU 24.mai, vart avlyst</b> då kyrkjevevja ikkje hadde fått tid til å førebu saker. Nokre saker vert difor utsett til august.</li> <li>4. <b>Arbeidet på bårehuset i Kviteseid starta</b> litt 1. juni og går for fullt frå 5. juni. Taksperra på ny del kjem allereie 9. juni, og veka etter vert huset tett. Solcelleanlegget vi såg føre oss med solceller integrert i takstein frå Skarpnes, vart ikkje berre kr 200.000 dyrare, men kr 700.000, så det måtte vi gå bort frå. No blir det difor arbeidd med å finna andre gode løysingar for solcelleplater integrert i skifertak. Takarbeidet mot kyrkja kan difor bli ein del forsinka før ferdigstilling.</li> <li>5. <b>Vedr. eigedomsoverføring av Kviteseid Gamle kyrkje til Kviteseid sokn</b>, så har no juridisk rådgjevar i Kyrkjerådet skrive om saka til biskopen, så får vi råd om vidare gang i saka frå biskopen om ikkje lenge.</li> <li>6. <b>Arbeidet med minnelund i Kviteseid</b> er ikkje kome stort lenger</li> </ol>		

7. **Avtale med Bufetat** om å vere ambassadør for fosterheimar, er ikkje underteikna enno.

**SR-sak 38.23 FR**

**Økonomirapport og revisjon driftsbudsjett 2023**

**KS**

Driftsrekneskapen pr mai 2023 er gjennomgått av kyrkjeverja.

Resultatet pr 1. juni viser eit overskot på kr 383.000. Sjå forklaring i pkt. 3 under her.

Avdelingsvis er resultatet fylgjande:

1. Avd. 110 Kyrkjeleg administrasjon har eit overskot på kr 49.000, som er kr 61.000 betre enn budsjettert
2. Avd. 111 Kyrkjer har eit overskot på kr 9.000, mot budsjett omtrent i balanse
3. Avd. 112 Kyrkjegardar har eit overskot på heile kr 311.000, mot budsjett omtrent i balanse. Det skuldast at festeavgifta for året allereie er fakturert ut, og mesteparten er innbetalt. Det vil jamne seg ut utover i året
4. Avd. 113 Andre kyrkjelege føremål er i balanse (budsjettert med 2000 i underskot)

Så inneheld rekneskapen nokre mindre feilføringar, men det er berre mellom avdelingane og vil bli retta med det fyrste (*i vedlegget merka med orange*).

I 2022 brukte vi pengar ståande på fond i KLP til å betala premiar for pensjonsforsikring for å få endane til å møtast. Det var ikkje meininga å halde fram med å ta frå fondet, men vart oppdaga for seint. To kvartal vert difor betala frå fondet. På grunn av dette bør budsjettet reviderast.

På kvar av avdelingane vert kostnaden for KLP-premien halvert.

Så er det andre budsjettpostar som er **skorne** til beinet og allereie oppbrukt under halvvegs i året. Desse er det difor no rom for å auke til meir realistiske tal. (*Sjå vedlegget*)

Kyrkjeverja foreslår difor desse budsjettendringane (*i vedlegget merka med grønt*). Detaljane **blir forklart** under møtet:

<b>Driftsbudsjett 2023</b>	<b>Rev. Budsj.23</b>	<b>Budsj.23</b>
110 Kyrkjeleg administrasjon:	-60 455	12 373
111 Kyrkjer	10 875	875
112 Kyrkjegardar	-47 250	-125
113 Andre kyrkjelege føremål	3 977	1 977
<b>Avsetje til fond</b>	<b>75 853</b>	0
SUM i balanse	0	0

**Vedlegg:** *Driftsbudsjett 2023 Rev.9.6.23*

### **Forslag til VEDTAK:**

Kviteseid sokneråd tek orienteringa om rekneskapen til orientering.

Soknerådet vedtek og forslaget til revidert budsjett for 2023.

*Kyrkjeverja orienterte i møtet om store inn sparingar på straumkostnadane i Kviteseid kyrkje etter at dei nye omnane og straumstyring kom på plass. I februar og mars var forbruket i kwh berre 36 % av tilsvarande periode i 2022, og 23 % i forhold til 2021.*

*Straumforbruket er låst med fast volum og pris i 3 år framover, med volum på ca 50 % av samla forbruk i 2022.*

*Kyrkjeverja orienterte og om at det er søkt om rentekompensasjon frå Husbanken for kostnader med investeringsprosjekt på rundt 6,5 mill. kr dei siste åra.*

*Rådet spurte kva dei store kostnadane til trusopplæring i rekneskapsversikta var. Svaret er at den største enkeltsummen er for leige av Misjonshuset til Babyssang/småbarnstreff, Fredagsklubb, konfirmantsamlingar og møte, og trusopplæringsfest. Dei to først nemnde, har reduserte leigeprisar.*

**VEDTAK:**

Kviteseid sokneråd tek orienteringa om rekneskapen til vitande. Soknerådet vedtek forslaget til revidert budsjett for 2023.

**SR-sak 39.23 SR**

**Kyrkjevalet 2023**

**MG**

Det kom ingen forslag til kandidatar gjennom supplerande nominasjon. Endelege vallister er difor dei som er kunngjorde på nettsida vår, og som kjem i neste Kyrkjeblad neste veke (veke 24). Kunngjering av tid og stad for valet, kjem også i begge desse kanalane. Det blir og kunngjort i VTB, truleg tysdag 8. august.

I løpet av juni må soknerådet peike ut stemmemottakarar og rekruttere valfunksjonærar

I løpet av sommaren skal kyrkjeverja skrive ut stemmesetlar til soknerådsvalet (frist 10. august)

Soknerådsmøtet i august må

1. Planlegge organisering og gjennomføring av valtinget og oppteljing
2. Gje opplæring. Sjå [ressursbanken.kirken.no](https://ressursbanken.kirken.no)
3. Kontrollere at avkryssingsmanntalet er skrive ut (må gjerast etter førehandsrøysting)

Førehandsrøysting vert organisert og gjennomført av staben ved kontoret. Viss det blir behov for det, vert andre bedne om å hjelpe til.

Handsaming og vedtak på dette møtet: Valfunksjonærar til kvart stemmelokale.

1. Brunkeberg oppvekstsenter søndag 10. sept. kl. 14.00-19.00.
2. Brunkeberg oppvekstsenter måndag 11. sept. kl. 12.00-16.00 og 16.00-20.00.
3. Vrådal grendehus måndag 11. sept. kl. 12.00-16.00 og 16.00-20.00.
4. Kviteseidhallen måndag 11. sept. kl. 12.00-16.00 og 16.00-20.00.
5. Oppteljing på kyrjekontoret måndag 11. sept. frå kl. 20.00 til det er ferdig.  
Hugs at det er stemmesetlar frå to val som skal teljast opp

Vi minner om [Valhandboka for kyrkja](#) (for valstyret/soknerådet) og nettsida [kirken.no/valg/](https://kirken.no/valg/) for publikum/veljarane.

**VEDTAK:**

Soknerådet har peika ut stemmemottakarar og valfunksjonærar til kyrkjevalet i september 2023. Disse har svara positivt på utfordringa:  
(Nr. 1 og 4 kvar plass og tid, er den ansvarlege)

**Brunkeberg oppvekstsenter søndag 10. sept. kl. 14.00-19.00:**

1. Marit Sørby \*
2. Vigdis Helen Bruhaug
3. Anne Marthe Lindheim

**Brunkeberg oppvekstsenter måndag 11. sept. kl. 12.00-16.00 og 16.00-20.00:**

- |                           |                       |
|---------------------------|-----------------------|
| 1. Inger Lise Berge       | 4. Sigrun Garvik Moen |
| 2. Anne Dorthea Henriksen | 5. Elin Lid           |
| 3. Eva Lisbeth Lier       | 6. Kurt Nødland       |

**Vrådal grendehus måndag 11. sept. kl. 12.00-16.00 og 16.00-20.00:**

- |                        |                        |
|------------------------|------------------------|
| 1. Jan Gunnar Breivik  | 4. Anne Karin Skipar   |
| 2. Håkon Birkeland     | 5. Gudrun Nordbø Venås |
| 3. Hanne Julie Roholdt | 6. Unni Snaunes        |

**Kviteseidhallen måndag 11. sept. kl. 12.00-16.00 og 16.00-20.00:**

- |                   |                            |
|-------------------|----------------------------|
| 1. Marit Gotuholt | 4. Bent Grestad            |
| 2. Åse Nordskog   | 5. Vidar Syrtveit Mikalsen |
| 3. Roger Løfgren  | 6. Jan Rune Bjørnson       |

**Oppteljing på kyrkjekontoret måndag 11. sept. frå kl. 20.00 til det er ferdig:**

Hugs at det er stemmesetlar frå to val som skal teljast opp

- |                            |                     |
|----------------------------|---------------------|
| 1. Hans Kristian Aabø      | 4. Kristen Salmelid |
| 2. Vidar Syrtveit Mikalsen | 5. Astrid Tveten    |
| 3. Marit Gotuholt          | 6. Marit Sørby *    |

*\*(det er bekrefta at ein som stiller til val også kan være med å ta imot stemmer eller telja, når det er saman med andre)*

Soknerådet vedtok

- Honorar for valfunksjonærar: Kr 500,- pr. 4-timars økt (Oppteljing reknast som ein økt)
- Kurs/info for valfunksjonærar blir på kommunehuset (truleg i kantina) torsdag 31. aug. kl. 18.00

**SR-sak 40.23 SR**

**Komité for Kyrkjelydsbasaren 1.-2. des. 2023**

**MG**

Kyrkjelydsbasaren brukar å vere laurdagen same helg som 1. søndag i advent. Det blir i år laurdag 2. desember. *(Komiteen bestemmer om dei vil ha noko på Mylletorget fred. 1. des.)*

Kirsti Skjæveland blir med som før, men treng etter eige ynskje ikkje å vere med i komiteen. Kyrkjevevja har avsett heile desember til ferie, men kan vere med i komiteen med førebuing, og er med på basardagen viss han ikkje er reist.

I 2022 var i tillegg desse med: Dagfinn Køhn og Marit Sørby. Gunnhild Dobbe som har vore med tidlegare, var på Filipinane i vinter.

**Forslag til VEDTAK:**

Komité for kyrkjelydsbasaren 2023 er Kristen Salmelid, Marit Sørby, ... og ...

**VEDTAK:**

Komité for kyrkjelydsbasaren 2023 er Kristen Salmelid, Marit Sørby, Dagfinn Køhn, Gunnhild Dobbe og Solveig Løfgren.

SR-sak 41.23 SR	Dato og komité for Gullkonfirmantfest 2023	MG
<p>Soknet arrangerer gullkonfirmantfest annakvart år for to årskull om gongen. Gullkonfirmantfesten brukar å vera i september/oktober og rotere slik: Kviteseid- Brunkeberg- Kviteseid- Vrådal.</p> <p>I 2019 var festen i Brunkeberg (men flytta til Kviteseid grunna plass), i 2021 var det Kviteseid, så i år er turen komen til Vrådal. Det er kulla som vart konfirmerte i 1972 og 1973 som er inviterte til denne gullkonfirmantfesten. Dei fleste er då fødd i 1957 og 1958. Soknerådet må sjå på gudstenesteplanen og finna dato, og setje ned ein komité.</p> <p><b>VEDTAK:</b>  Gullkonfirmantfesten blir søndag 22. oktober i Vrådal, anten på Klubbhuset (inntil 25-30 personar), eller på Grendehuset (viss fleire påmelde).  Soknepresten finn 1-2 frå kullet som kan vera med og finna namn og adresser.  Komité for festen er Soknepresten, og nokre frå konfirmantkulla (Møyfrid finn)  Praktisk komité for mat, pynting, servering mm: (Kristen spør nokre som kjenner forholda i Vrådal, og minst ein som har vore med på tilsvarande samling tidlegare)</p>		

SR-sak 42.23 SR	Eventuelt	MG
<p>Referat frå møte i trusopplæringsutvalet:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Det er behov for fleire som kan spele piano eller leia. <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Kviteseid Barnegospel treng korleiar.</li> <li>○ Soul Children treng enten dirigent eller pianist. Organist Olav Holm utfører den eine oppgåva, men må ha med seg ein person.</li> </ul> </li> </ul>		

**Planlagde møte i 2023:**

AU: Onsdagar kl. 14:	9.8.	20.9.
SR: Torsdagar kl. 18:	24.8.	5.10

Valdagar: 10+11.9.

**05.10.:** Siste SR for sitjande råd, med konstituering av nytt råd (så både gammalt og nytt råd vert innkalla)

**19.10.:** Stor frivillighetsfest for rådet og alle frivillige i soknet. Hald av datoen! Kyrkjekontoret arrangerer.

**22.11.:** Kurs for nytt sokneråd: Som einaste prosti har Øvre Telemark vald å ha lokale kurs

(i staden for eit stort samla møte som vi hadde på Granvin for vel 4 år sidan) Dato for NYTT sokneråd i Kviteseid, er onsdag 22. nov, kl. 17 eller 18. Kurset gjennomgår all info frå kyrkjerådet, med lokal tilpassing, og leiast av prost Asgeir Sæle i samarbeid med kyrkjevevja Kr.Salmelid.

**23.11.:** Første møte for nytt råd (fullmakter, komitear mm)